

Møteprotokoll

Utval: Vestlandsrådet - arbeidsutval
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 09.10.2024 - 09.10.2024
Tid: kl 09:00 - 10:00

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise

Funksjon

Leiar

Representerer

H

Forfall

Ole Ueland

Jon Askeland

Representerer

H

SP

Varamedlem

Svein Erik Indbjo

Representerer

FRP

Deltakrar får administrasjonen:

Toril Hovdenak	fylkeskommunedirektør Møre og Romsdal
Gunn Claire Westad	fylkesdirektør Rogaland
Thomas Finnøy	sekretariatsleiar Møre og Romsdal
Iver Jan Leren	prosjektleiar næringsstrategi Rogaland
Kristin Talgø Lund	fast kontaktperson Rogaland

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
PS-20/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
GP-	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-21/24	Vestlandsrådet på Arendalsuka 2025
PS-22/24	Underfinansiering av ferjedrifta i fylka
PS-23/24	Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet
PS-24/24	Fjord Norge - søknad om midlar til satsing på vinterturisme til Vestlandet - "Win29"
PS-25/24	Behovet for fysisk møte i Vestlandsrådet 30.10.2024

Møtet blei heva kl. 10:00

PS 20/24 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Møteinnkalling blei godkjent.

Saklista blei godkjent.

GP Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Protokollen frå forrige møte blei godkjent.

PS 21/24 Vestlandsrådet på Arendalsuka 2025

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Endeleg forslag til opplegg leggst fram av administrasjonen til møtet i AU 27.11.2024.

Det var einigheit om at eit arrangement bør leggst til formiddag på måndag, for mest mogleg merksemd frå publikum og media. Eitt av tema børre være knytt til ferjefri E39.

Behandling

Iver Jan Leren la fram status per no. Det var ein kort diskusjon om moglege tema og tidspunkt for arrangement.

Innstilling:

Saka leggst fram utan innstilling.

PS 22/24 Underfinansiering av ferjedrifta i fylka

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval vedtek at leiar i Vestlandsrådet ved høyringa knytta til Statsbudsjettet 2025 representerer dei 3 vestlandsfylka og der legg fram Vestlandsrådet sitt felles syn på underfinansieringa av ferjedrifta.

Leiar vil og kontakte sine kollegaer i Nordland, Troms og Trøndelag fylkeskommunar for å avklare eventuell støtte frå dei i denne saka. Eventuelle andre tilnærmingar mot sentrale myndigheiter tas i samråd med AU i tråd med delegeringa gjeve frå Vestlandsrådet.

Innstilling:

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval vedtek at leiar i Vestlandsrådet ved høyringa knytta til Statsbudsjettet 2025 representerer dei 3 vestlandsfylka og der legg fram Vestlandsrådet sitt felles syn på underfinansieringa av ferjedrifta.

Leiar vil og kontakte sin kollega i Nordland fylkeskommune for å avklare eventuell støtte frå dei i denne saka. Tilsvarande kontakt mot Trøndelag og Troms må vurderast.

Eventuelle andre tilnærmingar mot sentrale myndigheiter tas i samråd med AU i tråd med delegeringa gjeve frå Vestlandsrådet.

PS 23/24 Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Arbeidsutvalet vedtek at leiar, understøtta av administrasjonen, utarbeider konkret forslag til;

- Arbeidsgruppe (mandat og samansetting)
- Forslag konferanse (stad, tid/dato, arbeidstittel/program)

Dette vert lagt fram for AU snarast for endeleg vedtak.

Arbeidet med å fastsette endeleg opplegg for konferansen og eventuelt behov for nytt kunnskapsgrunnlag vert en del av mandatet til arbeidsgruppa.

Innstilling:

Arbeidsutvalet vedtek at leiar, understøtta av administrasjonen, utarbeider konkret forslag til;

- Arbeidsgruppe (mandat og samansetting)
- Forslag konferanse (stad, tid/dato, arbeidstittel/program)

Dette vert lagt fram for AU snarast for endeleg vedtak.

Arbeidet med å fastsette endeleg opplegg for konferansen og eventuelt behov for nytt kunnskapsgrunnlag vert en del av mandatet til arbeidsgruppa.

PS 24/24 Fjord Norge - søknad om midlar til satsing på vinterturisme til Vestlandet - "Win29"

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet AU meiner at ei satsing på vinterturisme/heilårsturisme i dei tre Vestlandfylka er viktig og riktig. Dette er og ei prioritert satsing innafor det eksisterande samarbeidet mellom Fjord Norge og fylka. Vestlandsrådet AU meiner derfor at Fjord Norge AS må finne ein modell der denne satsinga blir løyst innafor dei årlege tilskota frå dei tre fylka, og at eventuelt behov for finansiering ut over dette må søkast andre stader.

Innstilling:

Vestlandsrådet AU meiner at ei satsing på vinterturisme/heilårsturisme i dei tre Vestlandfylka er viktig og riktig. Dette er og ei prioritert satsing innafor det eksisterande samarbeidet mellom Fjord Norge og fylka. Vestlandsrådet AU meiner derfor at Fjord Norge AS må finne ein modell der denne satsinga blir løyst innafor dei årlege tilskota frå dei tre fylka, og at eventuelt behov for finansiering ut over dette må søkast andre stader.

PS 25/24 Behovet for fysisk møte i Vestlandsrådet 30.10.2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet AU har vurdert behovet for møte i Vestlandsrådet 30.oktober 2024, og konkluderer med at det ikkje er behov for dette møtet. Møtet vert derfor kansellert.

Dersom det seinare i 2024 likevel vert behov for eit møte i Vestlandsrådet, vil AU kalle inn til eit slikt møte på Teams.

Innstilling:

Vestlandsrådet AU har vurdert behovet for møte i Vestlandsrådet 30.oktober 2024, og konkluderer med at det ikkje er behov for dette møtet. Møtet vert derfor kansellert.

Dersom det seinare i 2024 likevel vert behov for eit møte i Vestlandsrådet, vil AU kalle inn til eit slikt møte på Teams.